



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Næringsavdelingen

6863 LEIKANGER

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
12/645-13		Frank Westad	57 66 52 20	K1-243	07.01.2014

Søknad om omstillingsmidlar

Kommunestyret i Årdal gjorde vedtak i 2012 om omstillingssamarbeid saman med Lærdal kommune. Det er forma eit eige mandat for omstillingsarbeidet som er handsama og vedteke av kommunestyra i Årdal og Lærdal. Utfordringa for Årdal knytt til utviklinga i næringslivet er likevel slik at kommunen må setje i gang eigne prosjekt knytt til næringsutvikling, i tillegg til samarbeidet med Lærdal. Samarbeidet med Lærdal har hovudsatsinga på omstillingsutfordringane i Lærdal og fellesprosjekt som begge kommunane har nytte av. Siktemålet er at einkilde prosjekt vi no set i gang, vil bli inkludert i det felles omstillingssamarbeidet, når kommunane er klar for det og det kjem inn under målsetjinga for omstillingsarbeidet. Næringsprosjekta vi no søker om å få forlenga finansiering på, vert administrert av Årdal Utvikling innafor ramma som Årdal kommunestyre har vedteke i SNP 2014 – 2017, og Handlingsplan 2016.

Årdal fekk også i 2013 eige tilsegn på 1 million kroner som dekker fase 1 av næringsprosjekta vi har starta opp. Fylkeskommunen vil få statusrapport for dette arbeidet fram til 31.12.2013 i løpet av kort tid. Siste del av fase 1 vert ferdigstilt i løpet av 1. kvartal 2014. Sluttrapport vil då bli sendt for heile fase 1.

Prosjekt kommunen ønskjer å få etablert no, vil bli organisert gjennom Årdal Utvikling, og er forankra i Strategisk Næringsplan for kommunen. Hydro og industrien i Årdal held fram med effektiviseringa, og det er såleis store utfordringar i å finne nye næringsprosjekt som kan kompensere dette.

Analysen i ÅLØP syner at nedbygginga av industrien i Årdal held fram. Vi har hatt ein nedgang på 165 industriarbeidsplassar siste året. Det er likevel slik at skjult i tala har vi gode dømer på industribedrifter som har makta omstillinga og funne seg marknader utanom Hydro. Dette er positivt og gjev signal om at industrien har ei framtid i Årdal, men truleg ikkje på same nivå som før.

Tenesteytande næringar held fram med å vekse, og ÅU held fram med ei målretta satsing innan denne bransjen.

Prosjektmodell som vart nytta i fase 1 vil bli vidareført. Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med Årdal Utvikling sine underleverandørar det er etablert rammeavtalar med.

Årdal kommune har sett av 4 MNOK til gjennomføring av Handlingsplanen 2016 (år 1 i SNP 2014-2017), Til omstillingsprosjektet set vi av 250.000 og ønskjer at Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjev tilsegn på 1 MNOK til medfinansiering av prosjektet. Bruk av midlane vil skje i samsvar med det regelverket ein nyttar til prosjekt i omstillingskommunar.

Vedlagt finn de ein oppdatert status på kommunen sine utfordringar:

1. Næringsprosjekt 2014 – prosjektskisse
2. Førebels rapport Telemarksforsking
3. ÅLØP – rapport over utviklinga i næringslivet i Årdal 2013
4. SNP 2014-2017, Handlingsplan 2014
5. Rapport fase 1 pr. 31.12.2013 vert ettersendt i veke 3

Med venleg helsing
for Årdal kommune

Frank Westad
Rådmann



ÅRDAL KOMMUNE
Rådmann
Frank Westad